

HAREID ROTARY KLUBB



ÅNEDSBREV NOVEMBER 2003.

ÅRGANG 39

DISTRIKT 2280

Møtedag: Mandag kl 18.00 – 19.00
Møtested: Klubbhuset til
 Hareid IL
 6060 Hareid

President: Elisabet Sundgot

Visepres.: Ingar Bigset
Sekretær: Trygve Riise
Kasserer: Oddvar Haugen
Past pres.: John Stennes
Styremedlem: Arne Lillebø
Styremedlem: Arve R. Røyseth
Leiar ungdoms
utveksling: Sverre Bjåstad

Ansv. Red.: Jan-Håvard Nytun
Referent november: Egil Utgård

Fødselsdager i desember:
Elias Sellevoll 15.12
Bjørn Teigene 19.12
Einar Arne Rise 27.12

100%frammøte i november:
Jarle Klungsøy, John Stennes, Ingar
Bigset, Sverre Bjåstad, Ander Rise,
Svein Johs. Flø, Bjørn Teigene, Magnar
Hatløy, Jan-Håvard Nytun, Aage
Nytun, John Jarle Holstad, Einar
Holm, Egil Utgård, Karl Johan Brandal,
Håkon Brekke, Trine Angelsen, Hans
Otto Riise, Arve Røyset, Otto Holstad,
Sigurd Bigset.
Frammøte prosent: 69,1

Dei gamle fjell

Ivar Aasen (1813-1896)

Dei gamle Fjell i Syningom
er alltid eins aa sjaa,
med same gamle Bryningom
og same Toppom paa.
I Bygdom byggja Sveinarne,
og Huset stender laust;
men dei gamle Merkesteinarne
dei standa lika traust.

Paa Fjellom er det leikande
aa ganga til og fraa
og kring um Toppen reikande
so vidt um Land aa sjaa:
til Havet kring um Strenderna
med Skip som Fuglar smaa,
og til Fjelli kring um Grenderna
med tusund Bakkar blaa.

Der er so mange Hendingar
i Bygdom komne til;
me sjaa so mange Vendingar
alt paa eit litet Bil.
Dei hava snutt um Vollarne
og flutt og rudit og bygt;
men dei gode gamle Kollarne
dei standa lika trygt.

So stod dei gjenom Tiderna,
vel mange tusund Aar;
og Graset voks um Liderna,
og Lauvet kom kvar Vaar;
og Vinden tok um Topparne
og Vatnet tok um Fot;
men dei gilde gamle Kropparne
dei toko traust i mot.

Av Hav kom Sjoman sigande
og lengtad' etter Land,
daa saag han Fjelli stigande
og kjendest ved si Strand.
Daa kom det Mod i Gutarme,
som saag sin Fødestad.
Ja dei gode gamle Nutarne
dei gjera Hugen glad.

Møtet 3.november

Til dette møtet hadde klubben invitert Marie Lovise Horn Saunes, som er svaksynt, til å fortelje oss om korleis det er å leve som svaksynt.

Ho utfører sitt arbeid gjennom Frivillighetssentralen i Hareid, og gjennom sitt arbeid her er ho til stor hjelp for dei som bur i vår kommune og som har eit slikt handikapp.

På ein engasjerande måte tok ho oss med inn i si verd.

For oss som er så heldige at vi har normalt syn, kan det vere vanskeleg å sette seg inn i korleis det må vere for dei som er svaksynte. Berre det å bevege seg ute i trafikken, gå ned ei trapp, slå i ein kopp, måle mengder eller lese av ei badevekt, er vanskeleg.

Heldigvis er der no kome på marknaden ei rekke hjelpemiddel, som etter kvart vil gjere kvardagen for disse enklare.

Ho hadde med seg ei heil rekke ting som ho viste oss, som til dømes: Badevekt og kjøkkenvekt som snakka, koppar som ga beskjed når dei var fulle og ei heil rekke andre nyttelege redskap.

Foredraget var nytlig for oss, og eg trur vi vil møte dei svaksynte på ein heilt annen måte no, etter at vi har hørt dette foredraget.

Møtet 10. November.

Denne kvelden var det Arne Holstad som stod for programmet. Det å referere Arne er vanskeleg, han må opplevast.

Denne kvelden tok han oss med inn i kvardagen sin, med all den fustrasjon som den kan ha når ein tek til å eldest.

Han var innom Hagesaksa med dei problem den måtte føre med seg. Den store omlegginga i Posten, med dertil flytting av frukt og grønnsaker.

Korleis sinne og irritasjon over at alt lauvet i nabolaget alltid skal samele seg hjå han, same korleis han ryddar det vekk.og nedskjering med 32 stillingar i Kommunen.

Tilslutt kom han inn på dette å gå med hatt. Kor negativt det vert oppfatta.

På sin lune og humoristiske måte, fekk han smilet og låtten fram på ein slik måte som berre Arne kan det.

Mandag 17. november- Guvernørbesøk.

Også i år klarte vi å kombinere "Røyrfesten" med Guvernørbesøket. Dette har vorte ein god tradisjon i klubben vår, og noko som dei tilreisande guvernørane har sett stor pris på. Vi må berre hugse å legge guvernørbesøket til den tida då det er sesong for røyrfiske. I år var det ikkje mangel på røyr, eit svært godt røyrfiske, med opptil fleire hundre røyr i kastet, gjorde fisket enkelt for båtlaga, og sløyayarbeidet var godt organisert.

Festkomiteen og kammeratskapskomiteen hadde vore i sving lenge då vi andre møtte fram til ei varm og pynta hytte. Guvernør for vårt distrikt i Rotaryåret 2003-2004 er Bjørn Haukebø frå Molde Øst. RK. Han hadde med seg kona Wence. Også påtroppende guvenør Magne Skudal frå Ålesund var til stades.

Guvernøren vart høgtidleg ynskt velkommen til klubben vår av Elisabet. Ho hadde også invitert Johan Grimstad til å lese dikt, men det var noko heilt anna som venta Johan Grimstad. Han skulle denne kvelden bli tildelt Paul Harris Fellows si utmerking. Frå før har berre 3 stk i klubben vår fatt ei slik utmerking, men Johan er den første ikkje rotarianar i klubben vår som vert tildelt ei slik ære. Etter at vi hadde fatt ei musikals åpning på festen, var det duka for Guvernørens tale. Guvernøren tok i sin tale utgangspunkt i fattigdomen i verda, og at vi som har det godt må gi ei hjelpende hand slik at folk i fattige land må fa ei bedre helse.

Han kom inn på Polie Pluss, Aids, Dei blinde, Barnedødlighet og Analfabetisme. På det lokale plan minnte han oss om at vi måtte bli flinkare å ta vare på kvarandre innanfor klubben ved sjukdom, skilsisser og når nokon i klubben kom opp i økonomiske vanskar. Tilslutt vart Johan Grimstad kalla fram på podiet til dagens store overraskelse. Hafikjell Dahle heldt ei glimrande oppsummering av den innsatsen Johan har gjort for kulturlivet i Hareid, hans arbeid som komponist, malar, losjemann og ikkje minst hans arbeid med å få eit røykfritt miljø. På dette området har han vore langt føre si tid. Innleiinga var så god at eg legg ved heile oppsummeringa

Johan H. Grimstad

Sterkt avkorta form.

Utdanning:	lærar	med praksis i mange år i Ulsteinvik. Har også dreve gardsbruket heime på Grimstad Dei siste åra i lag med sonen Håkon.
Sivilstatus:	Gift med Jorunn f. Haugen frå Sandsøya, men som gjekk bort så altfor tidleg.	
Kulturpersonen:	Korleiar	Har gjennom åra vore dirigent for minst 15 kor. M.a. Sunnmøre Kr. Mannskor, Grimstadkoret, og i ei årrekke, over 30 år, Hareid Blandakor som han enno har ansvaret for.
Kor.medl.		Ei lang rekke kor. M.a. Hareid Songlag, Volda Blandakor og NRK operettekor. Har vore aktiv Songar i over 65 år.

Tillitsverv:	Ei lang rekke her også Sunnmøre Songarlag, Sunnmøre Mållag, Losje IOGT nasjonalt, regionalt og lokalt, Fylkesedruskapsnemnda i M&R (2perioder), Hareid Kunstlag, Hareid Rotaryklubb og Hareid Kf. F. Kommunestyre(8 år) samt Kulturstyr og Kulturutval.
Ymse:	Hareidsstema i 25 år. Ein av hovudmennene bak oppstarten. Redaktør i bladet Syskenbandet i om lag 30 år. Redaktør i bladet bygda (1962) Medlem i programrådet for NRK M&R.
Kunstnaren:	<p>Kunstmålar. Brukar ulike teknikkar. Har hatt utstillinger fleire stader i landet.</p> <p>Karikaturtegnar</p> <p>Komponist og tonesettar</p> <p>Ein av Nordens mest produktive komponist/ arrangør innan tradisjon song og musikk, vart det sagt i forbindelse med at fekk Kongens Fortjenestemedaljefor nokre år sidan.</p>
Diktar Skribent	Diktsamlingar og i tillegg ein framifrå diktlesar. M.a. skrive jubileumsboka: Sunnmøre Korforbund 100 år. Gitt ut 5 bøker med komposisjonar som han har gitt tekst til og/ eller tone til og/ eller arrangert. I alt over 1000 titlar.
Utmerkingar:	<p>Kongens Fortjenestemedalje i Gull</p> <p>M&R Fylkeskulturpris</p> <p>Hareid kommune sin kulturpris</p> <p>Norges Korforbund si fortjenestemedlaje for 40 års songvirke</p> <p>Æresmedlem i Sunnmøre Korforbund</p> <p>Æresmedlem i Hareid Blandakor</p> <p>Og frå i dag Paul Harris Fellow</p>